

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kyrkjebø

Emne: *Bordetikk til huslyd*

Bygdelag: Kyrkjebø og Høyanger

Oppskr. av: *Andrus H. Berge*

Gard: Berge og Kyrkjebøstronda.

(adresse): Nordeide i Sogn.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja . eg er no 80 år gamald.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eg er som før nemnt 80 år gamald og har vore mykje med i off.

SVAR

Spørsmål 1. I mine barnedagar millom 1870- 1880 sat me saman ved bordet heile huslyden- barn og voksne. Me hadde ikkje serskildt kjøkken då . Me hadde alt matstell inni kvar dagsstova . Der var eit klaffebord som var oppslege i kvar ende og då var det godt rom for heile huslyden. I den gamle stovebyggnaden vor var der ei stove som vart brukt kvardagslig ,eit seng kamers for dei gamle og ei lita beststove for framande . Over stova var ein halle, der borna låg. I stova var ein stor sjå med glastrure i . I sjåen var ei lang trestang, så me kunde letta sjåen opp så der jamt var frisk luft i stova. Slik som det var hjå oss var det over heile grenda.

Spørsmål 2. Ja det er jamt slik at heile huslyden set saman me bordet og fær seg mat. Denne skikk er sameleis idag og. Etter 1890 er det vorte ein umsnunad meddi at her etter at uskiftningerne vart fullførde vart her oppsette nye hus og då vart der jamt kjøkken så huslyden tok maten saman der. Stovorne vart meir og meir brukte som bestrom, og for fremande som jesterom.

Spørsmål 3.

Det har aldrig vore brukt at husbondsfolka har æte serskilt og dei har jamt fått maten saman med born og tenara.

2

Spursmål 4. Maten har vore den same for husbondsfolka som for born og tenara.

Spursmål 5. Untaken i høghelgar, at dei jamt på kjøkken. Denne skik har vore brukt over det heile sidan dei nye husa kom.

Spursmål 6. Når det er framande at husbonden og matmora inn i stova, elles ikkje tenarane og borna at då på kjøkkenet.

Spursmål 7. Ja som regel. Far og mor sat i høgsetet. Borna sat oftast på kvar si sida at far og mor og tenarane-mannfolka ovanfor bordet og kvinfolka framandføre bordet. Det har jamt vore brukt so lenge me kan minnst, like ifrå det 17 år hundre gjeng her segnar om det same .

Spursmål 8. Borna har aldrig stått i bordseta.

Spursmål 9. Ja husbondens plass heitar enndå Høgsetet. Denne plass er markert ved fremste enden av bordet.

Spursmål 10. Hedersplassen i ei beststove er første plass til høggefor husbonden .

Spursmål 11. Ånei Det var ikkje så nøye med vasken av henderne før dei gjekk til bords, men i dag gjeng det ikkje an å koma uvaska tilbords. Alle mannfolka har brukt å taka huva av seg. Også i eldre tid var det brukt her .

Spursmål 12. Ja, i mine unge dagar hadde dei eit grautfat og ei skål mjøkk. Dette vart brukt slik at dei at av same bidne alle i huset. Det var serlig middagsmat og kveldsmat. Denne måten vart slutt i 1890. Då fekk dei kvar sin talirk som dei fyrst tok graut opp av grautfatet og sidan slog dei mjølk ovenpå og at kvar for seg. Denne måten å eta på var eit stort framsteg til meir helsasam kost enn før. Mjølkekopp

4885

vart fyrst teken i bruk i 1895. Koppen var ofte av metal eller seinare av glas. Ein drakk som regel av koppen eller glasset. Kaffedrikningen var ikkje brukt den tid dei tok til med å sjilja grauten og mjølka på den måten som er nemnt.

Spursmål 13. Nei, gryten vart aldri sett på bordet verken i eldre eller nyere tid. Maten som dei hadde varma i grytorne vart opteken med treause og slege opp i dei bidna som dei skulde eta or.

Spursmål 14. Ja har var alltid brukt å leggja sild millom brødbeterne og åt det med poteter attåt. Kjøt var ikkje brukt på den måten. Sildemåla var brukt på den tid me rekner kaffitid nå. Sild bete kalla me denne måten å eta sildi på. Her var ikkje brukt annat namn enn sildebete.

Spursmål 15. Ja den måten å taka sukkerbeten på er brukt her å vert aldri påtala.

Spursmål 16. Nei, å drikka kaffi av skåla tykkjar me ikkje om. Om så det skal henda er det eidel gamle som er åreforkalka.

Spursmål 17. Ja, i 1878 var her ikkje brukt gaffel. Her vert fortalt om ein eldre mann som heitte Ole Bergesen Berge. Han var i gjestebod hjå h. v. statsråd Liljedal. Dei skulde få soscjøt til middag. Gafla var framlagde og allegjesterne fann segtilrette. Untaken Ole Bergessen som kasta gaffelen og sa at slik sjit vilde han ikkje, for han vilde bruka gamle gaffelen -dei fem fingrane, så tok han både poteta og kjøtet i hända og åt på den gamle måten til stor glæda for dei andre gjesterne. Her var ikkje brukt gafler før i 1870.

Spursmål 18. Tolekniven har aldri vore brukt som matkniv. Det einaste kan henda dei brukte tolekniven til å sjera spikeflesk og kjøt av fel skelæret og kjøtlæret.

288

4
kvinnfolka var det som brukte tolekniven til å sjera fleisk kjøt ,når dei kulde laga til middagen.

Spursmål 19. I dei eldre tidor brukte dei hornskeie og då hadde dei namn på skeia . Skeierne var sette opp i ei spildre og spikra på veggen ovanfor bordet på langveggen. Spildra var mamnet på den plassen som skeierne og kniverne var i . Idag er det berre sylvskeier eller aluminium og stålskeier. Hodnskeier finnast ikkje nå. Skeierne tok dei til å vaska i 1885.

Spursmål 20. Porselen tok dei til å bruka i 1880. Det var helst til framande sjester disse var ibruk. Før 1890 var steintøytalerkener lite brukte avdi ein då brukte tre talerkener. Disse var som oftast måla med fine farger enten med væne blomster eller fugurer av dyr eller av folk . Disse talerkener var ofte brukte som gåvor til framande. Namnet var som oftast brukt bordisker på disse som var av tre. Eg hugsar til at bestemor mi gav bort fleire bordisker. Oftast vart det sett eit namn på disse så dei ikkje skulde koma bort frå eigaren.

Frå fellefat gjekk ein over til djupe talerkener .

Spursmål 21. Matmora dilte ut t. d. flatbrød, smør ,ost og kjøt. I 1885 åra var delingsgrunlaget oppløyst. Ein- kvar fekk då taka det han vilde. Det var husfaren som fekk fyrst, så borna og sidan tenarane.

Spursmål 22. I dei eldre tidor før 1870 var ikkje brukt bordduk. Etter 1880 tok dei til med dukar på bordet. Serlig hvis det var fremande som var gjester. Bordduken låg ikkje på bordet heile dagen. Det var berre under bordseta. I 1893 tok dei til å kjøpa voksduker. Disse låg på bordet heile dagen. Båe deler vert brukt. Some tidor voksduk Andre tidor berre bordet . Nå er det daglig brukt duk på bordet. Stoffet i dukerne er som regel ull eller

Spursmål 23. Som nemnt i spursmål 21 dilte husmora ut t. d. flatbrød ,smør ost og kjøt. I 1885 åra var delingsgrunlaget oppløyst .Einkvar fekk då taka det ein vilde ha. Å dela maten var å etle,skifte var ikkje brukt her.

Spursmål 24. Jå, sjå svaret under 21 og 23.

Spursmål 25. Alle skulde få så mykje at dei vart mette. T.d. flattbrød fekk dei voksne 2 leiver -8 stykke- borna sjølvsgt mindre.

Spursmål 26. Når dei er vel 2 år gamle tek dei til å greia seg sjølve. Elles er dette etter evnorne åt barnet. Det er far og mor som hjelper dei- ja sjølvsgt også hjelper ~~egsa~~-sysjøna dei .

Spursmål 27. Ja,det har hendt eingong eg har sitt dette vore brukt . Elles har det aldrig hent her verken i den eldre eller nyere tid. Den gongen eg såg det var det sild og poteter som var brukt.

Spursmål 28. I mine barnedagar vart det lese dei vanlige bordbøner før og etter maten. Det var borne som far varsla at dei skulde lesa å takka for maten. I vår tid er det bortkome på dei fleiste heimer. Her vert alltid brukt å syngja bordvers i barsøl,gebordsdagsgilde,jorefers og i brøxllaup . Bordbønskikken vart slutt i 1900 åra. Dei høgt religiøse brukar bordbøn den dag idag. Her er ikkje sjilnad om her er fremande. Elles er bordbøn ein væn skikk og det var synd at denne skikk vart nedlagt.

Spursmål 29. Det har jamt vore skikk å tala ved bordseta. Ja,husbonden tala som oftast om aktuelle spursmål. Serlig galdt talen om arbeidsmåten for dagen og elles om nyhende for dagen eller dagane framover.

Spursmål 30. Ja, ein må aldrig læ ved bordsæta - serlig når der framande . Borna vart alltid varsla om å halde

6

seg rolige i slike høve. Elles kunde det av den framande mistydast slik, at det var åt den fremande dei log.

Spursmål 31. Ja, både i den eldre og i den nyere tid er det forbode å syngja andre sanger enn bordvers. Noko ordtak eller munheld kjenner eg ikkje til.

Spursmål 32. I dei eldre tidor var det forbode å gå i frå bordet før alle var ferdige. I notida er det mindre nøye med. Dei gjeng såsnart dei var ferdige. Dette gjeld ikkje alle heimer. some held strengt på at den gamle måten var betre, og det var den og.

Spursmål 33. Ein bruker å seia takk for måten til husbondsfolka.

Spursmål 34. Den framande sa "velbekome maten", var brukt både i eldre tid og i nyere.

Spursmål 35. I eldre tid var aldri brukt å setja den framande til bords, når han kom inn alt med huslyden sat åt. I no tida vert som regel den ankomne vist til bords saman med huslyden.

Spursmål 36. Ja, hvis det er framande frå ein by eller ei bygd lenger borte vert det alltid laga til mat å drikke, men ikkje for naboer som ein daglig snakker med.

Spursmål 37. Ja, soframt han var lenger borte ifrå heimen er det alltid skikk, at han vert stelt med på beste måte, for gjestfriheita har alltid vore stor her i gren- da både i eldre og i nyere tid.

Spursmål 38. Nei, den framande måtte vente til kaffien var ferdig kokt. Forholdet er det same idag. Kjelen stod ikkje på heile dagen, for det var fort gjort å heta kjelen.

Spursmål 39. Nei, som regel vert det tillaga i stova bode mat og skjenk åt den eller dei fremande som kjem på den- ne tida.

Spursmål 40. Ja, det er god skik å beda den framande å forsyne seg med mat å drikke. I eldre tidor var det fast bruk å taka oppatt at vedk. måtte forsyne seg. I seinare tidor er det lite brukt, men heilt borte er det ikkje.

Spursmål 41. I eldre tidor var det sjelden at der sat nokon av husets folk til bords med den framandex undtacken når vedk. var boden til gjestebod. Då sat alltid husbonden med til bords. I dag er det vanlig at husbonden eller matmora set saman med gjesten til bords.

Hvis ikkje eit av husbondsfolka set til bords set dei seg vanlig ved neste bordsenden på ein stol og prater med vedkomande, Altid med ansiktet vendt mot gjesten.

Dette var i korte trekk det eg har å seia om dei tilsendte spursmål. Skulde det vera noko meir De vil ha opplyst får De skriva attende, så skal eg prøva å koma med tilleggsoplysninger.

Berge den 1 november 1950.

Anders H. Berge

Adr. Nordeide.

44885

